



Sartor VVS AS  
Pb 230  
5342 STRAUME

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/906 - 15/28954

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
09.09.2015

## Løyve til tiltak - avlaupsanlegg på gbnr 43/9.

**Administrativt vedtak. Saknr: 380/15**

**Tiltakshavar:** Anthony Natås  
**Ansvarleg søkjar:** Sartor VVS AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av nytt avlaupsanlegg for bustad på gbnr 43/9. Søknaden er knytt til planlagt framtidig renovering/etablering av tilbygg til bustaden. Bustaden har i dag eit eldre avlaupsanlegg med slamavskiljar. Det er i vedtak datert 23.04.2015 gitt utsleppsløyve for biologisk/kjemisk reinseanlegg.

Det vert elles vist til søknad motteke 13.05.2015, supplert 21.08.2015.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.08.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett som LNF-føremål. Tiltaket, som gjeld utskifting/oppgradering av eksisterande avlaupsløysing, vert vurdert å vera i samsvar med plangrunnlaget. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Nabovarsel

Det vart ved handsaminga av søknad om utsleppsløyve gitt fritak frå nabovarsling då tiltaket gjeld oppgradering av eksisterande eldre avlaupsanlegg med slamavskiljar til biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering som stettar reinsekrava som gjeld i dag. På dette grunnlag vert det også gjeve fritak for nabovarsling i denne saka, jf pbl § 21-3.



## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.03.2015.

## Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## VURDERING

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyve.

### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Sartor VVS AS**, org.nr. 977 494 893, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**, **prosjekterande (PRO)** og **utførande (UTF)** for tiltaket.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområda.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.03.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2, jf SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 23.04.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Sartor VVS AS	977 494 893	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Sartor VVS AS	977 494 893	S	1	VA-reinseanlegg
UTF	Sartor VVS AS	977 494 893	S	1	VA-reinseanlegg

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/906

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Byggjeløyve for nytt avlaupsanlegg der det i dag er eldre godkjend avlaupsanlegg, 70 % reduksjon av gebyr, jf pkt 17.2.2	1	Kr 1 020,-
10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 020,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anthony Natås

Sævråsvegen 305 5957

MYKING

**Mottakarar:**

Sartor VVS AS

Pb 230

5342

STRAUME